

Pleiepengar ved alvorleg sjukdom, i livets slutfase

Til medlem som i heimen pleiar ein nærståande i slutfasen av livet, ytast det pleiepengar i opptil 60 dagar for kvar pasient.

Folketrygdloven § 9-13. Pleiepengar for pleie av ein nærståande



Brosjyren er eit samarbeid mellom Haraldsplass Diagonale sjukehus og Haukeland Universitetssjukehus

Godkjend av: Synneve Myklebust, avdelingsjef
Dato: 11. april 2019
Utarbeidd av: Line Solheim, sosionom HDS
Omarbeidd av: Sosionomavdelingen ved HUS og
Kreftavdelingen ved HUS

KVEN ER AKTUELLE FOR PLEIEPENGAR?

Som nærstående reknast dei med nære familierelasjonar til den pleietrengande, men det vil også kunne vere personar som den pleietrengande har eit personleg og nært forhold til utan å vere i slekt med, til dømes ein nær ven eller nabo. Den pleietrengande må samtykke i pleia. Med pleie meinast i denne samanheng både praktisk hjelp og psykososial støtte.

KRITERIER

Den som mottar pleiepengar må ha sjukepengerettar i Noreg.

Pleiepengar skal kompensere for tapt arbeidsforteneste.

Ytast både når pleie blir gitt i **heimen** til den sjuke og når den blir gitt i heimen til den nærstående. **Den sjuke kan ikkje vere innlagt ved institusjon når pleiepengar blir tatt ut.**

STORLEIK

Kvar pasient kan nytte inntil 60 dagar pleiepengar.

Utrekning av pleiepengar og uttak av dagar i helg, følgjer same reglar som ved sjukepengar.

ANNA

Dagane kan takast ut som enkeltdagar eller i samanheng. Dei kan delast mellom fleire nærstående, men berre ein person kan ta ut pleiepengar pr dag. Dersom ein nyttar pleiepengar for halv dag reknast det som heil dag.

Pleiepengar blir utbetalt frå første dag for arbeidstakarar. Det er dermed ingen arbeidsgjevarperiode.

Sjølvstendig næringsdrivande får også utbetalt frå første dag, det dei ville fått ved eigen sjukdom frå dag 17. Utbetalinga skjer direkte frå NAV.

Det vanlege er at arbeidsgjevar utbetalar lønn og får dette refundert i ettertid.

Pleiepengar kan gjevast for **opptil tre månadar før den månaden NAV mottok søknaden**. Dette dersom vilkår var oppfylt i den same perioden.

FRAMGANGSMÅTE

- Pårørende må kontakte fastlege til pasient, evt behandlande lege ved sjukehus for å få utfylt legeerklæring (NAV-blankett 09-12.05). Blanketten ligg på NAV sine heimesider. Det kan foreløpig ikkje søkjast elektronisk.
- «NAVs eksemplar», s. 1 og 2 sendast pasienten sitt NAV-kontor.
- «Søkjarens eksemplar» skal du/dykk beholde.
- «Arbeidsgjevars eksemplar» sendast til arbeidsgjevar til nærstående, eller NAV-kontor (dersom nærstående er sjølvstendig næringsdrivande).
- (Øverst på høyre side av søknadsskjema står det aktuelle navn på eksemplaret).

Sosionomavdelinga ved sjukehuset kan kontaktast om du treng meir informasjon.

Tlf. 55 97 38 08

www.helse-bergen.no